


<b>Dokumenttype:</b> Prosedyre	<b>Dokumentnavn:</b> P-009 Drift av Kjenndalsheisen	<b>Gjeld for:</b> Vakt i Kjenndalsheisen
<b>Rev.nr.</b> 6	<b>Sist revidert:</b> 28.12.2015	<b>Utarbeida av:</b> Stein Bjørhovde
		<b>Godkjent av:</b> Arvid Remme

### A. Før heisane opnar:

1. Møt opp minst **30 minutt** før heisane opnar. Sett deg godt inni prosedyren på førehand og gå igjennom sjekklista i løpet av dagen. Nøkkel er i nøkkelboks i huk i u.etg. Legg nøkkel på plass i boks etter å ha låst opp.
2. Alle vakter skal ha gul **refleksvest** og **jaktradio** (kanal 1/Harpefossen 2) for kommunikasjon med teknisk vakt og dei andre vaktene (sjekk frekvens på radio)
3. **Gjerder** skal settast opp sånn at alle som skal på heisane må gå gjennom vendekorsa, og på ein slik måte at publikum blir leda til påstiging i framkant av drivstasjonen. I forlenginga av gjerda opp på kvar sida at trekktraseen skal det settast opp **sperrenett** for å hindre kryssing av trekktraseen.



4. Ta hettene av **vendekorsa** (billett kontroll) og heng desse inn under overbygget. Måk unna snø rundt korsa.
5. Ta ut og kople til **boksen med start/stopp** på drivstasjonen.
6. Sett i kontakta i **styreskapet** (sjå bilete).
7. Påse at det ikkje ligg masse **snø** på det raude **drivhjulet**. Sjå vedlegg 2 for måking av drivhjul.
8. Pass på at det er **2 meter** høgde mellom underkant snorboks og bakken ved påstiging. Det er ein målestav på 3,14 m som ein kan kontrollere



<b>Dokumenttype:</b> Prosedyre	<b>Dokumentnavn:</b> P-009 Drift av Kjenndalsheisen	<b>Gjeld for:</b> Vakt i Kjenndalsheisen	
<b>Rev.nr.</b> 6	<b>Sist revidert:</b> 28.12.2015	<b>Utarbeida av:</b> Stein Bjørhovde	<b>Godkjent av:</b> Arvid Remme

minimumsavstand opp til trekkwire. Pass på at påstigingsplassen er jamn.

9. Det skal kontrollerast at alle matter på mastar og liknande er monterte, samt at **stoppsnor** ikkje en nedsnødd og at det er ca. 50 cm klaring mellom snø og snor. Snora skal testast ved at ein fysisk bryt denne (ikkje berre dra ut kontakt). Det må også sjekkast at alle **rullebatterier** går rundt og ikkje er fråse fast. Få stadfesting frå teknisk ansvarleg om at desse tinga er kontrollert.
10. **Prøvekøyr** heisen før opning og sjekk at begge **naudstoppbrytarane** ved påstiginga fungerer. Ved vêromslag og fuktig vêr er det lurt å raskt starte og stoppe heisen 2-3 gangar for å løsne evt. **fastfrosne** hjul. Sjå vedlegg 1 for start av heis. **Prøvekøyring og start av skitrek skal berre skje i kontakt/samråd med teknisk vakt.**
11. Sett ut bannarar med «**Sakte fart**» på sida av kvar trase ca. 30 meter opp i bakken.
12. Sjekk **medbringarar** ved å dra desse ut når dei passerar påstiginga. Fjern samstundes evt. snø på krokane. Dersom det er feil på nokon medbringarar, noter dette i driftsdagboka (også nummer på medbringar) og gje beskjed til teknisk vakt.

### **B. I opningstida:**

1. Køyr heisen på **hastigheit** 2,6 m/s.
2. **Stans** heisen dersom nokon dett og vert hengande fast i heisen, eller at nokon som har falt ikkje klarar å kome seg bort frå heistraseen. Du skal alltid vere i nærleiken av heisen eller styrekonsollen i vaktbua dersom noko skjer og heisen må stansast umiddelbart. Blikket skal alltid vere retta oppover heistraseen og ein **naudstoppbrytar** skal vere innan rekkevidde.
3. Følj med at ingen køyrer **sikk-sakk** eller **husker** i heisen, og at alle køyrer **heilt ned** og passerar vendekorset før dei går på. Avvik skal påtalast og om naudsynt kan heiskort inndragast
4. Alle som har snøbrett skal ha **bakre fot laus** i heisen. Alle på snøbrett og telemark skal ha **sikkerheitsstropp**. Vi tillater ikkje bruk av **bæremeis** for barn i trekket. Sjekk også at ingen har lause bukseselar eller lause reimar på sekker etc.
5. Sjekk på monitor at **bilete** stemmer med dei som passerar vendekorset. Ta gjerne et par økter i løpet av dagen på ca. 20 minutt for å kontrollere dette.
6. Sjekk at **underlaget i heistraséen** er jamnast mogleg. Fyll i evt. hol og måk inn frå sidene dersom det er lite snø eller vert oppkøyrd i løpet av dagen
7. Det er **gratis kaffi og vaflar** for vaktene på Varmestova. Når du tek pause, ta kontakt med driftsansvarleg for å få ein erstattar.

<b>Dokumenttype:</b> Prosedyre	<b>Dokumentnavn:</b> P-009 Drift av Kjenndalsheisen	<b>Gjeld for:</b> Vakt i Kjenndalsheisen	
<b>Rev.nr.</b> 6	<b>Sist revidert:</b> 28.12.2015	<b>Utarbeida av:</b> Stein Bjørhovde	<b>Godkjent av:</b> Arvid Remme

8. Ver **tilgjengeleg, hjelpsam** og **vennleg**. Dei som er minst øvde set veldig pris på å bli møtt med eit smil og hjelp med kroken
9. Dersom **heisen stoppar**, trykk ned blå knapp som er merka «Feilsøk». Pila på masteanvisningsinstrumentet visar då kor feilen er. Dei mest vanlege grunnane til at heisen stoppar er at toppsnora blir dratt ut eller pisken. Disse er kopla på same linje og pila peikar då på «R» dersom dette er årsaka til stoppen. Gje beskjed til drift om stansen og be om at dei sjekkar nærmare.  
Dersom heisen er stoppa ved bruk av naudstopp på drivstasjonen eller på vaktrommet, må disse dragast ut før ein kan starte. Dersom alt er i orden med signallinja, stopplys etc og heisen likevel ikkje vil starte, må du kontrollere vendebrytar for **Styring inne/ute**. Denne skal stå på «inne» for å starte heisen. Dersom det vert stopp i heisen i lengre tid, so må ein gå ut og informere gjestane som står og venter om kva som er årsak til stoppen og kor lenge ein forventar det tek å få i gang heisen. Sjå elles vedlegg 2.

### **C. Stenging:**

1. **Stopp heisane** presis ved stengjetid. Det kan vere aktuelt å halde open 30 eller 60 minutt ekstra dersom det har vore problem med stengte heisar eller liknande i løpet av dagen. Dette skal i så fall varslast med oppslag. Pass på at ein medbringar vert hengande akkurat på enden av drivstasjonen og ikkje på påstigingsplassen for at det skal vere mogleg å preparere påstiginga.
2. **Ta ut kontakt i styreskapet**. Se bilde i «før heisane opnar» pkt. 4
3. **Ta bort gjerder** og sett desse attmed Servicebygget på austre hjørne av bygget rett foran vaktbua slik at dei ikkje står i vegen for takkemaskina. **Sperrenett** skal lagrast på bøylar under overbygg. Bannarar med «Sakte fart» saman med nett.
4. **Skistativer** skal flyttast inn til kortsida av vaktbua etter end dag slik at området der disse skal stå kan prepareras skikkelig.
5. Før **dagbok**, fyll inn **sjekklister** og notér alle **forbetringsforslag**.
6. Etter heisvakta skal du ta ein runde rundt Servicebygget og plukke **søppel og rusk**. Dersom benkane er velta eller nedsnødde, må desse rettast opp og måkas slik at dei kan nyttast av publikum.
7. Sjekk at bygget er låst dersom du er sistemann som drar.

**TA KONTAKT MED TEKNISK VAKT DERSOM DU HAR SPØRSMÅL I LØPET AV VAKTA.**


<b>Dokumenttype:</b> Prosedyre	<b>Dokumentnavn:</b> P-009 Drift av Kjenndalsheisen	<b>Gjeld for:</b> Vakt i Kjenndalsheisen
<b>Rev.nr.</b> 6	<b>Sist revidert:</b> 28.12.2015	<b>Utarbeida av:</b> Stein Bjørhovde
		<b>Godkjent av:</b> Arvid Remme

## Vedlegg 1: Prosedyre for start av heisen

1. Kontroller at det ikkje går føre arbeid på heisen eller at det preparerast i trekktraseen, eller om nokon står i vegen rundt drivstasjonen. Ta kontakt med teknisk ansvarleg på radio før start av heis.
2. Sett i kontakta i styreskapet, sjå pkt. 6 i hovudprosedyre
3. Kontroller at styrestrømbrytar (med nøkkel) merka «Hovedbryter» står på.
4. Kontroller at tablå for styring av heisen er hengt ut og koplet til, og henger på ein slik måte at t-krokene ikkje kan hekte seg fast.
5. Kontroller at vri-bryter nr. 2 frå venstre på den nedste rekkja på styreskapet står i posisjon 1
6. Trykk inn «Stopp test» knappen merka 1
7. Trykk inn og hold knapp merka «Kvittering» i 3-4 sekund. Knapp er merka 2.
8. Trykk inn og hald «Start» knapp merka 3 til dei 3 lysa på venstre side av styreskapet lyser grønt



4. Styretablå



3, 5, 6, 7, 8. Styreskap



<b>Dokumenttype:</b> Prosedyre	<b>Dokumentnavn:</b> P-009 Drift av Kjenndalsheisen	<b>Gjeld for:</b> Vakt i Kjenndalsheisen	
<b>Rev.nr.</b> 6	<b>Sist revidert:</b> 28.12.2015	<b>Utarbeida av:</b> Stein Bjørhovde	<b>Godkjent av:</b> Arvid Remme

## Vedlegg 2: Feilsøking dersom skitrekket stopper

1. Sjå i kikkert oppover trekktraseen for å kontrollere at det ikkje har skjedd noko
2. Sjekk masteanvisar for å sjå kva for mast det er det er signalfeil. Ta kontakt med teknisk vakt og gje beskjed om at det er stopp og evt. kor.
3. Dersom det ikkje er utslag på masteanvisar, so er feilen på drivstasjon eller i styreskap. Kontroller brytepinnar og at alle naudstoppbrytarar er dratt ut.
4. Dei mest vanlege grunnane til at heisen stoppar er at toppsnora blir dratt ut eller pishen. Disse er kopla på same linje og pila peikar då på «R» dersom dette er årsaka til stoppen.
5. Dersom heisen er stoppa ved bruk av naudstopp på drivstasjonen eller på vaktrommet, må disse dragast ut før ein kan starte. Dersom alt er i orden med signallinja, stopplys etc og heisen likevel ikkje vil starte, må du kontrollere vendebrytar for **Styring inne/ute**. Denne skal stå på «inne» for å starte heisen.

<b>Dokumenttype:</b> Prosedyre	<b>Dokumentnavn:</b> P-009 Drift av Kjenndalsheisen	<b>Gjeld for:</b> Vakt i Kjenndalsheisen
<b>Rev.nr.</b> 6	<b>Sist revidert:</b> 28.12.2015	<b>Utarbeida av:</b> Stein Bjørhovde
		<b>Godkjent av:</b> Arvid Remme

### Vedlegg 3: Måking av drivhjul

1. Den som skal klatre opp på drivhjulet skal bruke skikkelig fottøy (ikkje alpinski) og ha hjelm. Det skal vere ein person nede på bakken som vakt.
2. Trykk inn nødstoppbrytar på drivstasjonen slik at heisen ikkje kan starte
3. Ta ut brytepinne av brytar under plattformane på begge sider.
4. Senk ned plattformane etter å lausna skruen som held fast stag for oppfesting.
5. Bruk stige og klatre opp på plattformen og måk av den snøen ein når utan å klatre ut på hjulet. Gjer dette på begge sider.
6. Klatre opp på drivhjulet og måk ned den snøen som ligg att.
7. Gå ned frå plattformen og hev plattformene opp.
8. Sett i brytepinner
9. Ta ut nødstoppbrytar



3. Brytepinne for plattform



4. Oppfesting for plattform

# Kvalitetsstyringssystem for



<b>Dokumenttype:</b> Prosedyre	<b>Dokumentnavn:</b> P-009 Drift av Kjenndalsheisen	<b>Gjeld for:</b> Vakt i Kjenndalsheisen
<b>Rev.nr.</b> 6	<b>Sist revidert:</b> 28.12.2015	<b>Utarbeida av:</b> Stein Bjørhovde
		<b>Godkjent av:</b> Arvid Remme

## Vedlegg 4: Arrangementsteikning

